

# *Allmenningar – opphav og tidleg utvikling*

Innlegg på Gudbrandsdalsseminaret på Lillehammer 31.01.2018

Ved Jakup Skjedsvoll

## *Innleiing*

Eg har teke på meg å prate litt om allmenningar, korleis dei kom til, og litt om utviklinga eit stykke ut i historisk tid. Det er vel ikkje det mest aktuelle emnet, men kanskje kan eg hjelpe partar til å forstå kvarandre litt betre.

Kanskje kunne eg vridd litt på tittelen til *Kva i all verda er desse allmenningane for noko rart?* For det er ei eigedomsform som vik nokså sterkt av frå det som folk flest nå for tida kjenner til. Og kva folk legg i det ”å eige” er høgst ulikt frå tid til tid, og frå samfunn til samfunn, avhengig av teknologisk nivå og kulturelle utviklingstrekk. Eg skal seinare koma litt inn på nettopp det.

Og for fyrst å slå dèt fast: Allmenningsretten er ei førkapitalistisk eigedomsform. Og det er ei kollektiv eigedomsform. Retten er knytt til kollektivet du er medlem av, ikkje til person. Du har retten som medlem av ei gruppe. Og bruken er etter behov, ikkje etter eigarandel, og dèt gjeld også når det blir behov for regulering av bruken. Slik sett er allmenningsretten eit framandelement i vår liberale og kapitalistiske tid, der individualismen er sterkt framtrudande, og han er ualminneleg vanskeleg å få til å passe inn i eit såkalla ”moderne” eigedomsbegrep.

Opphavet til allmenningsretten er klårt frå føre historisk tid. Vi har ingen skriftlege kjelder for korleis han kan ha oppstått, og lite om korleis han kan ha utvikla seg. I dei eldste skrivne lovene er hovudregelen, enkelt sagt, at rettsforholda skal vera som dei har vore frå gammalt av, rettnok med små tilleggsreglar som vel har vore såkalla ”bøting” av lovene.

Dette at allmenningsretten vik så sterkt av frå det vi elles kjenner for privat, eller rettare sagt personleg eigedomsrett, skaper ofte problem for forståinga av kva dette er.

## *Kva vil det seia å eige*

Eg må derfor fyrst seia noko om utviklinga av eigedomsbegrepet – kva det vil seia ”å eige”.

For dei fleste menneske i dag, som ikkje har tenkt så mykje teoretisk over det, vil nok det ”å eige” bety at du har rett til å gjera det du ønskjer med egedomen, rettnok med ein del innskrenkingar som lova set. Men desse innskrenkingane blir oppfatta som inngrep i den teoretiske ”eigedomsretten”. Vi treng ikkje gå langt for å finne denne argumentasjonen, korkje i mellommenneskelege forhold eller i den politiske striden.

Mot denne forestillinga står også i dag eit meir funksjonelt syn som går ut på at det ikkje finst nokon slik tenkt total eigedomsrett. Etter dette synet er eigedomsretten berre eit samlenamn på eit knippe av disposisjonsrettar. Når du rår over ein del bestemte utnyttingsmåtar, blir du kalla eigar. Likevel slik at viss du rår over det meste, rår du over alt, viss ikkje noko anna er sagt.

Dette siste synet er nokså vanleg, om ikkje einerådande, blant juristar, og finn også støtte i at vi etter norsk rett aldri har hatt nokon total eigedomsrett – vi har t.d. aldri kunna bruke

eigedomsretten på sjikanøs måte berre for å skade grannen. Etter Grannelova kan du t.d. ikkje gjera noko ”som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom”, og Jordskiftelova er ein kraftfull reiskap for å gjennomføre tiltak til felles nytte, mot viljen til dei vrangviljuge, og dei som prøver å vera ”gratispassasjerar”.

Ein rådande definisjon av eigedomsrett finn vi i Norsk landbruksordbok, som ”rett til å rå over noko på alle måtar som ikkje er forbode i lov eller ikkje er i strid med retten til ein annan person”. Definisjonen er skriven av min gamle professor i rettslære på Ås, dr. juris Olav Lid, så eg reknar han for å vera dekkjande. Olav Lid var utan tvil tilhengjar av det funksjonelle eigedomsbegrepet.

I historisk samanheng er forestillinga om den totale eigedomsretten også nokså ny i norsk rettstenking, og særleg blant vanleg folk.

Tidlegare var folk opptekne av kva enkeltrettar dei hadde. Det kunne vera rett til å bruke jorda, rett til å selja eller leige bort, eller til å bli sitjande som leigar så lenge du oppfylte pliktene dine, til å sende dyra på beite, til å hogge i skogen, og elles alle slike rettar som dei kjende. Dei rekna seg som eigar av kvar enkelt rett dei hadde. Men det som ikkje hadde nokon aktuell bruk, tenkte ingen på – det var utanfor deira forestillingsverd. I teknologisk meir stabile samfunn enn det vi har hatt i vår kapitalistiske nytid, dei siste tre – fire hundreåra, har folk ikkje behov for å spekulere i kven som kanskje kunne ha retten til ei mogleg utnyttingsform som både er uaktuell, og i tillegg heilt ukjend.

Somme av oss kallar denne eldre ordninga for kløyvd eigedomsrett, andre likar ikkje det begrepet, men det dekkjer i alle fall ein realitet. Det ser vi av at rettane seinare kunne bli delte mellom bruk med ulike grenser – eit typisk døme frå ein annan landsdel er, at i eit utmarksareal kunne t.d. furuskogen vera delt mellom bruka med eitt sett grenser, eikeskogen med eit anna sett grenser som gjekk på tvert av furuskogteigane, spreidd inne i dette kunne det liggje utmarksslåtteteigar utan samanheng med skoggrensene, og beiteretten kunne liggje i fellesskap.

Forestillinga om den totale eigedomsretten, at det fanst ein eigarrett i tillegg til alle kjende og tenkjelege utnyttingsformer, kom vel fyrst opp med naturrettstenkjarane på 1600-talet. Dei var rettnok påverka av studia i mellomalderen av det som var kjent av den justinianske romarretten, men å tala om dette som ei romarrettsleg forestilling, er misvisande.

Og det slo ikkje fort i gjennom. Det meste av Kristian 5's Norske lov frå 1687 er t.d. vidareføring av gamle norske rettsreglar frå 1200-talet og tidlegare, så langt det gjeld fast eigedom. Men i den teoretiske diskusjonen fekk naturrettstenkinga stor innverknad. Den som i det dansk-norske rettsområdet kom til å medvirke til størst gjennomslag for naturrettstanken, var Ludvig Holberg, særleg med boka ”Moralsk Kierne” som kom fyrste gong i 1716. Og som kjent kan teorien, eller rettsfilosofien, ha stor påverknad på bruken av rettsreglane.

Frå mellomalderdrøftingane av romarretten, og seinare naturrettstenkjarane, har vi også tanken om ein slag overeigedomsrett for staten eller fyrsten. For Kongens, eller statens, forhold til allmenningane kunne ein slik tanke klårt ha stor verknad på praksis i forvaltninga.

Men det gamle synet heldt seg lenge, også i teorien. Her i landet gav Fredrik Brandt ut ei oversikt over norsk tingsrett i 1866, og var nok der i hovudsak påverka av det naturrettslege synet, men i kommentaren til utskiftingslova av 1857 la han klårt det gamle synet til grunn –

der det var ulike eigarar til forskjellige bruksrettar, kunne ikkje den eine seiast å vera eigar meir enn den andre.

Det var vel fyrst med Herman Scheels Tingsrett i 1901 at forestillinga om ein total grunneigedomsrett, over dei enkelte utnyttingsrettane, fekk fullt gjennomslag i norsk rettsteori. Scheel var ein dominerande person i norsk rettsliv i store delar av si levetid, fyrst som professor, dernest som høgsterettsdommar og til sist som høgsterettsjustitiarius, fram til 1929, i eit tidsrom på i alt trettiseks år.

Det er klårt at eit slikt skifte, frå såkalla ”kløyvd” eigedomsrett til ein ”total” eigedomsrett, laut få stor virkning på korleis allmenninga blir oppfatta.

Det kan òg vera grunn til å merke seg at dette skiftet i forestillinga om kva det inneber ”å eige” gjekk for seg i den allmenne oppfatninga innan dei mektige laga i samfunnet, i rettsfilosofien, og deretter i domstolane, ikkje gjennom formelle vedtak i folkevalde organ. Dermed må ein også rekne med at skiftet har gått for seg til ulike tider i ulike grupper av folket og til ulik tid i ulike delar av landet, med dei spenningar det har gjeve grunnlag for, til dømes i forvaltninga av allmenningane.

Og lat det også vera sagt: Dette er ikkje noko spesielt for dette rettsområdet – lovgjeving kjem ofte i etterkant av skifte i allmenn mening blant dei som har den såkalla definisjonsmakta i samfunnet.

Eg bed dykk i alle fall: Ha denne utviklinga i rettsteorien, og i kva folk legg i det ”å eige” i minne når eg nå går over til å seia litt om korleis allmenninga kan ha oppstått.

### ***Korleis har allmenningane oppstått***

I rettsteorien har det ofte vore teke utgangspunkt i at da folk kom til landet, må det ha vore rikeleg med ressursar, slik at alle aktuelle behov kunne tilfredsstillast, og at ressursane låg i ei uorganisert felleseige som vi kan kalle ei kommunistisk ordning. Med seinare tiders jordknappheit og dermed stigande jordverdiar, laut denne ordninga vike. Privat råderett over bruksrettar oppsto, mest truleg fyrst som gruppeeigedomsrett for stamma eller familien.

Eg trur dette i hovudsak er rett, for det finn også støtte i nyare arkeologisk forskning.

Fram til ca. år 200 e.Kr. ser dei fleste buplassar ut til å ha vore i bruk berre ein generasjon, eller i alle fall berre medan huset var brukande, hus vart sjeldan reparert, nye buplassar kom ein annan stad.

Kanskje var det heller ikkje nokor form for avgrensing mot folk utanfrå, men det kan vi ikkje veta noko om. Kan hende oppfatta ei gruppe folk seg likevel som ei eining, ei stamme, som avgrensa seg mot andre stammeområde. Dette kan klårt kallast ein allmenning.

Frå ca. 200 til ca. 600 e. Kr. er buplassane i bruk litt lenger, og det blir bygt nye hus på gamle tomter. Og når gardtomta blir fråflytt, ser vi ofte annan jordbruksaktivitet på same staden etterpå.

Og på 600-talet ser vi eit nytt trekk, med at det som avslutning på bruken av huset, blir etablert ei grav i hustufta. Dette blir oppfatta som eit uttrykk for å vilja knyte slekta til eit

område dei ikkje lenger brukar. Det blir tolka slik at folk må ha fått ei sterkare tilknytning til jorda, og ei interesse i å ta vare på retten til å bruke ho.

Frå denne tida ser vi også starten på det busetnadsmønsteret vi har i dag, der vi kan følgje gardsentra fram til vår tid, for opphavsgardar, og for avspalta gardar der mest truleg yngre sysken fekk etablere eigne hushald. Den aukande stabiliteten i busetnaden må ha betydd at folk har utvikla eit slag eigedomsrett til dei aktuelle utnyttingsformene i området.

Når det blir trongare, og ressursane for å skaffe seg levebrødet blir mindre rikelege, vil dei fleste sjå det som fornuftig med ei viss regulering, blant anna fysiske grenser for bruken, for å unngå stadig kiv og slåsting, særleg innan storfamilien, dernest innan grannelaget eller stamma, og også mot fjernare grannar eller utanforståande.

Og lat meg før eg går vidare få minne om at rettsreglar er praktiske ordningar for å løyse konkrete problem. Regulering, i form av rettsreglar, er det vernet vanlege menneske har mot den vilkårlege brutaliteten frå dei få.

Rettsreglane kjem til ved semje blant eit fleirtal av dei som har makt til å avgjera. Det treng ikkje vera nokor overordna styresmakt som gjer vedtak – denne tida var det mest truleg noko dei vart einige om på tinget, om det da var noko formelt vedtak. Ofte oppstod det vel berre ei semje om at slik var det fornuftig at det var, og slik hadde det ”alltid” vore. Denne ”vedtaksforma” er vel ikkje heilt ukjend frå seinare tid heller.

I alle fall der det reint landskapsmessig var grunnlag for ei tett busetjing, som her i Gudbrandsdalen, fekk vi dermed den inndelinga vi kjenner frå seinare, med ei innmark til eksklusiv bruk for det enkelte hushaldet, og allmenningen utanfor dette, som stort sett vart liggjande som før, med lik rett innan grenda eller stammeområdet til utnytting etter behov.

Mellom innmarka og allmenningen, der utnyttinga av utmarksressursane var særleg sterk, var det, i alle fall i seinare tider, ofte ei heimrast. Denne var oftast ei sameige mellom færre bruk – ei naturleg lita grend, ofte ein opphavsgard med seinare frådelt bruk.

Dette veit vi ikkje gjennom skriftlege eller arkeologiske kjelder. Men det er ei høgst truleg utvikling for å forklare den allmenningsordninga vi møter i dei eldste kjende landskapslovene og i Magnus Lagabøtes landslov – ei ordning som folk da tydelegvis har oppfatta å ha vore gjeldande frå alders tid. Og det stemmer som sagt godt også med nyare arkeologiske funn.

### ***Allmenningar i gamle lover***

Vi finn ingen stad allmenningsretten definert i dei gamle lovene. Formuleringa i Landslova frå 1274 kan forsåvidt vera typisk:

”Sva skolu allir almeningar uera sem at forno hafa uerit bæde hit øfra oc ytra.”

Eller i mi litt frie omsetjing: Slike skal alle allmenningar vera, som dei før har vore, i alle måtar.

Dette må bety at både begrepet og rettsreglane var så velkjende blant alle, og vart oppfatta som så stabile, at det ikkje var noko behov for nærare skriftfesting. Nokre få presiseringar fanst likevel.

- Den som fyrst sette ljå i ein utslått, skulle ha han i 12 månader.
- Kven som ville kunne ta seter i allmenningen og sommarsetre der.
- Alle hadde same rett til å fiske i vatna i allmenningen.

Desse presiseringane virkar å vera eit nokså tilfeldig utdrag av allmenningsretten, og gjeld ikkje dei viktige delane. Men dei fortel noko om at reglane kunne, og naturleg nok laut, vera noko ulike for ulike rettar.

Allmenningsretten kan heller ikkje ha vore heilt lik gjennom hundreåra. Retten utvikla seg heilt sikkert under trykk av realitetane, bestemt av folketal og virkningar av utnytting, og overutnytting, og trykk av mektige menn utanfrå.

Den mest kjende endringa frå historisk tid er regelen i Kristian 5's Norske lov (1687) om at dei som hadde allmenningsrett ikkje lenger kunne hogge tømmer for sal, berre til eige bruk på garden.

Ei viktig presisering om allmenningane i Landslova i tillegg til det som er nemn før, var at Kongen kunne bygsle bort grunn i allmenningen til kven han ville. Bakgrunnen for denne regelen kjenner vi ikkje. Det mest trulege er vel at Kongen her har gått inn i funksjonen som øvste representant for stammefellesskapen. Men det kan kanskje òg vera ein seinare import frå mellomaldertolkingane av romarretten.

Denne retten brukte Kongen for å skaffe nye bruk til ei aukande folkemengde, og dermed auke i dei kongelege landskyld- og skatteinntektene. Det nye bruket vart krongods, og allmenningsretten fall bort på dette arealet.

Det var kanskje også denne retten kong Olav Haraldsson heldt seg til da han ein gong på 1020-talet visstnok gav bort Tesse til Torgeir gamle på Garmo. Denne gåva er fyrst nemnt i eit vitneopptak snautt 200 år seinare, kjent frå avskrift enda ca. hundre år deretter. Og bispen som tok opp vitnemålet hadde sjølv interesse i fisket på Tesse, så vi skal kanskje vera litt forsiktige med å leggje for stor vekt på denne hendinga.

Men viss gåva faktisk vart gjeven, må det så tidleg ha vore i kraft av gammal kongsrett i allmenningar, ikkje i kraft av importert romarrett. Og av vitnemålet går det elles klårt fram at det var fisket på Tesse dette galt, noko anna har tydelegvis ikkje hatt interesse eller vore i tankane.

At vi ikkje alltid kan lite på det som står i gamle papir eller skinnbrev, ser vi elles av dei falske diploma om retten garden Blakar i Lom skulle ha til Smådalen.

Vi har også ei sak frå Vågå som gjeld noko av det same. Saka er frå 1349 og gjeld Lemonsjøen og Sjudalsvatna i Langmorkje statsallmenning. Kong Magnus Eiriksson har tydelegvis bygsle bort desse vatna, som han seier "ligg i vår allmenning", mest truleg til ein stormann utanbygds. Men etter klage kallar han bygselbrev attende, slik at dei før nemnde vatna skal liggje under bygdemennene, og som det står, til gagn for dei og etter gammal sedvane.

Mest truleg har bygdefolket kunna vise til at dei har fiska der frå før, og at Kongen dermed etter gammal sedvane ikkje stod fritt til å bygsle vatna bort til andre. Etter gammal rett, var som kjent også Kongen bunden av lova.

Vi ser her, at også så langt attende, kunne det vera strid mellom sentral styresmakt og bygdefolket om utnyttinga. (I parentes bør det vel nemnast at kong Magnus også var konge av Sverige og sterkt knytt til det landet, og at han og rådgjevarane hans kanskje ikkje var så godt kjende med norsk rett.)

Dei presiseringane eg har nemnt frå landslova ovanfor, kan heller ikkje takast heilt bokstaveleg. Vi ser frå mange saker at når det står "alle", må det ha vore tenkt alle i den bygda eller grenda som allmenningen låg til. Om dèt har vi ei interessant sak frå 1465 om dei same vatna i Vågå. Det blir der klaga over at lomverane, eller "de Løne" som det står, har teke til å fiske på Lemonsjøen og Sjudalsvatna, og attpåtil meiner dei har lov til å gjera det.

I eit vitneopptak om dette vitna i alt elleve menn og ei kvinne på ymse vis at Sjudalsvatna og Lemonsjøen aldri låg under Lom, men under Vågå til alle tider. Desse vatna har også alltid seinare lege til Vågå. Vitneopptaket viser klårt at det ikkje var fritt fiske for alle i allmenningsvatna. Fisket låg til dei grendene eller bygdene som frå alders tid hadde fiska der. Vi må vel også her ta eit lite atterhald om diplommet er ekte; det er berre kjent frå ei avskrift frå 1600-talet, men den grunnleggjande realiteten at retten var knytt til bygdelaga, synest i alle fall klår.

Det klåraste eksemplet på at det var bruksgrenser mellom allmenningsbruken frå ulike bygdelag, har vi her i dalen i forliket om fisket i Vinstervatna i 1558. Da møttest presten, lensmannen og fire lagrettemenn frå Slidre i Valdres, og seks lagrettemenn frå Øyer og Ringebu her frå dalen, for å forlike dei stridande frøningane og "Hegge-mennene" (frå Øystre Slidre) etter langvarig kiv og strid om fisket. Forliket fastsette klåre grenser i marka for kvar dei to bygdelaga kunne fiske, og i tillegg at frøningane kunne fiske med onglar "i Hegge herrids mendernes fijske alminning vinter og somer naar thenum tyckis saa vell szom i theris egen alminning". Både det uvanleg detaljerte forliket, og kostnadene med ei så omfattande rettssak så langt til fjells, fortel dessutan at fisket må ha hatt stor verdi for partane, sjølv om vatna ligg langt frå gardane. Frå Harildstad i Kvikne, som sikkert var part i saka ettersom det var der diplommet låg, til Vinstervatna, er det vel fire mil.

Og når det gjeld retten for alle til å ta seg seter, er det frå mange rettssaker seinare tydeleg at du laut ta omsyn til om det var til skade for nokon som hadde seter der frå før, men dèt har nok vore så sjølv sagt at det var unødvendig å nemne.

Vi ser ikkje store endringar i denne rettsstilstanden i hundreåra som kjem. Kristian 5's Norske lov er i det meste rein avskrift av rettsstilstanden i Landslova, og heller ikkje i dei snautt to hundreåra etterpå var det nemnande endringar. Fyrst på midten av 1800-talet får vi ny lovregulering.

### ***Overgang til personeige***

Slik eg har nemnt ovanfor at opphavet til allmenningane må ha vore, lyt dei ha hatt eit langt større omfang tidlegare enn nå. Korleis overgangen til personleg eige gjennom avhending frå staten har gått for seg, skal eg ikkje gå inn på her. Det kan greitt finnast i andre skriftlege framstillingar.

Eg skal nemne litt om den meir uformelle overgangen til personleg eige som må ha gått for seg heilt opp mot vår tid.

Slik eg kjenner forholda, må det i svært lang tid ha vore ein glidande overgang frå allmenning til heimrast i sameige for dei delane av allmenningane som låg nærast gardane. I takt med folkeauken vart utnyttinga av ressursane her svært sterk, og i praksis ekskluderande for dei som budde litt lengre unna. Områda gleid dermed over i heimrast for dei næraste gardane.

Det var også slik at Kongens interesse i praksis konsentrerte seg om inntektene. I eldre tid kunne det vera rydding av nye skattebol, i nyare tid inntekter av tømmerosal og uthogstkontraktar, og somme stader bortleige av litt slåtteland. Når inntektsmoglegheitene var små, og dei bruka som hadde bruksrett alle låg i rimeleg nærleik av allmenningen, ser det ut til at Kongen lett kunne ”gløyme” statusen til området, og at heile allmenningen dermed like lett kunne gli over i ei sameige mellom bruk, som eit slag utvida heimrast.

Eg meiner å ha eit eksempel på det frå mi eiga heimegrend. Grenda heiter Skogbygde, ho var folketom etter den store manndauden, og rettssaker viser at dei store gardane nede i bygda hogg i skogen her, som låg langt meir lettvent til enn den i Langmorkje.

Så vart grenda folkesett att fyrst på 1600-talet, og vi har skriftlege kjelder for at futen Christen Pram bygsla bort utslåttar i det som må ha vore allmenning her så seint som i 1755. Den sterke auken i gardsbruk som kunne bruke ressursane i nærområdet, førde til at presset på skog- og beiteressursane vart for stort. Og i tillegg kom krav om kolbrenning til Selsverket som øydde det siste av furuskogen. Det vart så gale at det til og med vart smått med vedaskog, og alt tømmer laut hoggast i Langmorkje, to til fem mil unna. Futen har tydelegvis ikkje funne noko meir å krevja, og området vart brukt berre som beite og vedaskog for dei næraste grendene.

Og så, litt ut på 1800-talet, vart skogen i det gamle allmenningsområdet utskifta, under leiing av Ole P. Haagenstad, den seinare velkjende stortingsmannen. Ingen nemnde at dette hadde vore allmenning, og truleg var det heilt gløymt.

Eg meiner dette kan vera ei nokså typisk utvikling for store delar av det som for eit par hundre år sidan, før skogutskiftingane frå sist på 1700-talet, framstod som sameiger mellom gardsbruk.

### ***Oppsummering***

Allmenning er ei eldgammal, førkapitalistisk eigeomsform. Og det er ei kollektiv, ikkje persontilknytt eigeomsform.

Og vil du forstå denne eigeomsforma, må du ta utgangspunkt i eldre eigeomsforståing, ikkje prøve å presse ho inn i vår tids liberale, individualistiske eigeomsbegrep.

### ***Kjelder***

Diplomatarium Norvegicum, DN I 315, DN II 4, DN VI 792 og DN XVIII 83  
Magnus Lagabøtes landslov (Norges gamle Love indtil 1387. Andet Bind. I. Den nyere Lands-Lov)  
Pantebøker for Nord-Gudbrandsdal sorenskriveri

### ***Litteratur***

Brækhus, Sjur og Axel Hærem: *Norsk tingsrett*, Universitetsforlaget 1964

- Falkanger, Thor: *Fast eiendoms rettsforhold*, Universitetsforlaget 1996
- Gjerpe, Lars Erik: *Bondens arv fra vikingtiden*, kronikk i *Nationen* 04.12.2017
- Lid, Olav: *Eigendomsrett og bruksrett*, *Norsk Tidsskrift for Jordskifte og Landmåling*, nr. 2/3 – 1959, s. 267 – 298
- Sandvik, Gudmund: *Europeisk rettshistorie i mellomalderen*, *Jussens Venner* nr. 6/7 – 1989, s. 201 – 309
- Sevatdal, Hans: *Offentlig grunn og bygdeallmenninger*, *Nasjonalatlas for Norge*, Noregs geografiske oppmåling 1985
- Sevatdal, Hans: *Forelesingar i eigedomshistorie*, Institutt for jordskifte og arealplanlegging, Noregs landbrukshøgskole 1989